

Personvernerklæring for talentsenter i realfag ved Jærmuseet

Ansvarleg

Jørn Hafver har på vegne av talentsenter i realfag ved Jærmuseet ansvaret for behandling av personopplysningar knytte til elevar og deira føresette.

Personopplysningar som vert lagra

Me lagrar desse personopplysningane om elevane våre og deira føresette

Namn, telefonnummer, e-postadresse, kjønn, heimskule, kontaktlærer, bustadskommune, nødvendig medisinsk informasjon. I tillegg gjer me ei omfattande kartlegging av elevane sine interessar for realfag. Desse dataa vert lagra saman med resten av opplysningane om eleven.

Sensitive personopplysningar som medisinsk informasjon vert innhenta og lagra sånn at me på best mogleg måte kan ivareta eleven si helse og tryggleik når dei deltek på samlingar på talentsenteret.

Føremål med behandlinga

Me behandlar opplysningane for å kunne gjennomføra pliktene våre ovanfor elevar, foreldre og eleven sin heimskule. Registrering av nemnde data er nødvendig for å kunne følgja opp elevar som deltek på talentsenteret, ivareta behova deira og kommunisera med skular, foreldre og lærarar. Kartlegging av interessar er nødvendig for å kunne vurdere om eleven skal få tilbod om plass.

Grunnlaget for behandlinga

Informasjon om namn, adresse, telefon, e-postadresse vert brukt for å oppfylla ansvaret og plikter som ei forlenging av eleven sin skule og ordinære skulekvardag. Informasjonen blir lagra i inntil tre år.

Der du har samtyka til det, vert opplysningane brukt til å gje deg informasjon om aktivitetar på talentsenteret, samlingar, rapportar til heimskuler og lærarar og utdanningsetaten i din kommune.

Innhenting av personopplysningar

Me lagrar dei personopplysningane du har gitt i søknadsskjema i forbindelse med din(e) søknad(ar) til talentsenteret.

Utlevering av opplysningar til tredjepartar

Me vil ikkje dela, selje, overføre eller på annan måte utlevera personopplysningar til andre, med mindre me er rettslig forplikta til det. Me vil heller ikkje bruke denne informasjonen i noko anna høve enn eleven si deltaking på talentsenteret. (Sjå unntak om forskning)

Forskning

Alle deltakerar kan på eit tidspunkt bli spurt om å delta i forskningsprosjekt om talentsenter i realfag. Det vil vera heilt frivillig å delta, og samtykke til dette har ingen betydning for om deltakerar får plass eller ikkje. Om ein deltakar over 15 år, eller føresette på vegne av ein deltakar under 15 år, samtykker til å delta i forskningsprosjekt, kan kontaktopplysningar og opplysningar om interessar, etter samtykke, bli delt med forskarane. Ein kan når som helst avbryte deltaking i forskningsprosjekt, utan grunngeving.

Sletting av personopplysningar

Opplysningar me har motteke i samband med din(e) søknad(ar) og di deltaking på talentsenteret vil bli lagra i vårt aktive deltakerregister i inntil 3 år. Sensitive personopplysningar som helsemessige opplysningar blir sletta etter at elevane har fullført si deltaking på talentsenteret.

Rettane til den registrerte

Me behandlar personopplysningar i henhold til personopplysningslova og gjeldande forskrift. Du kan krevja innsyn i og flytting av eigne personopplysningar, samt krevja retting eller sletting av opplysningar.

Det er høve til å klage til Datatilsynet på behandling i strid med reglane.

Informasjonstryggleik

Me sikrar dine personopplysningar ved både fysisk og virtuell adgangs- og tilgangskontroll.

Kontaktinformasjon

Henvendingar om kva opplysningar som er registrert, retting og sletting kan sendast skriftleg til desse adressane:

Marianne Hægstad Risdal
Prosjektleder/Pedagog
mhr@jaermuseet.no

Jørn Hafver
Innhaldsansvarleg/Pedagog
joh@jaermuseet.no

Jærmuseet
Kviavegen 99
4365 Nærbø